



Brazzooka spelar utanfor Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bandet Brazzooka har på imponerende stutt tid vorte eit slags signaturband for distriktet. I dag levde det opp til sin nyvunne status - ved å spela seg systematisk gjennom Kvinnherad - frå ein båt.

Og det var ikkje hvilken som helst båt - det var ein 58 fot lang lystbåt som grensar til yacht. Bilforhandlar Kjell Fylkesnes rrå Stord eig båten - han er far til Elisabeth og Alf Erik, som begge spelar i Brazzooka.

På seks timar spela bandet 9 'konsertar' frå Fjellberg til Rosendal, men turen var slett ikkje planlagt slik i utgangspunktet. Brazzooka var engasjert til å spela under den spesielle Øyadagen på Fjellberg. Dei avvikla to konsertavdelingar der etter å ha 'seilt' dit i båten frå Rosendal, der dei spela unde rmat- og kunstfestivalen dagen før. Som det plar ha hadde bandet stor suksess og imponerte igjen med sin speglede.

Då dei drog att kom Kjell Fylkesnes med ideen om at dei skulle spela på nokre plassar under heimturen utan å leggja til kai. Og slik vart det. Dei spela først to stader langs Halsnøylandet og deretter på Sæbøvik. Så spela dei i båthamna på Husnes der det var mykje folk.

Det var det også utanfor kyrkja der Tone Huse Nilsen frå Husnes og Andreas Kristoffersen frå Uskedalen hadde gifta seg nokre minuttar før. Og Brazzooka nølte ikkje - dei slog til på sparket med fanfare og ein bruremarsj frå vågen der dei låg.

Neste konsertstad var Uskedalen og eit naturleg punktum for den spesielle konsertferda var ny vitjing i Rosendal

der festivalen var inne i sitt siste stadium og det vrirle av folk.

- Det var ein fantastisk dag, vi har hatt det kjempekjekt, sa dei rundt 20 som var med på ferda.

Men neste gang Brazzooka drar på ei slik ferd bør ho helst vera planlagt - med konkrete klokkeslett slik at så mange som mogeleg får nyta det dyktige bandet.

Av Ola Matti Mathisen!



Sprek musikk til sjøs! (Foto: Ola Matti Mathisen)